

## Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktingar mfl. for 2023, kap. 671 post 61

Retningslinjer for forvaltning av særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktingar mfl., under statsbudsjettet kap. 671, post 61. Fastsett av Arbeids- og inkluderingsdepartementet 01.01.2023, i samsvar med § 8 i *Reglement for økonomistyring i staten* og kapittel 6 i *Bestemmelser om statlig økonomistyring*. Retningslinjene trer i kraft same dato.

IMDi har ansvar for å forvalte tilskotsordninga.

### 1. Mål for ordninga

Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktingar mfl. (heretter omtalt som det særskilde tilskotet) skal bidra til at einslege mindreårige flyktingar blir busette så raskt som mogleg i gode bu- og omsorgstilbod tilpassa behovet til det enkelte barnet og lokale forhold.

Tilskotet skal bidra til at kommunane kan gi gode bu- og omsorgstilbod til andre grupper av barn som er i målgruppa for ordninga.

#### 1.2 Kven kan søke om tilskot?

Kommunar som buset personar i målgruppa, mottar automatisk tilskot gjennom IMDi Tilskot.

#### 1.3 Kven er i målgruppa?

- ✓ Einslege mindreårige flyktingar som er busette etter avtale mellom IMDi og kommunen og tilhøyrer ei av gruppene som

- har fått vern med flyktingstatus (asyl) i Noreg
- har fått opphaldsløyve på humanitært grunnlag (asyl)
- har fått kollektivt vern i ein massefluktsituasjon
- er overføringsflyktingar

Løyvet for desse gruppene må danne grunnlag for fornying og/eller permanent opphald.

- ✓ Andre i målgruppa:

- einslege mindreårige flyktingar som har fått eit fornybart, avgrensa opphaldsløyve på bakgrunn av søknad om asyl, og som er busette med offentlig hjelp

Løyvet for denne gruppa dannar ikkje grunnlag for permanent opphald og/eller familieinnvandring.

- ✓ Utanlandske barn som oppheld seg i Noreg utan foreldre eller andre føresette. I denne kategorien inngår

- barn som blir etterlatne av foreldra sine i Noreg, der foreldra oppheld seg på ukjend stad, anten i Noreg eller i utlandet

- utanlandske barn som blir aleine etter foreldra er døde
- barn som truleg er offer for menneskehandel / har vore utsette for menneskehandel
- barn som får opphald utan at foreldra får opphald
- barn som har komme med foreldra sine eller andre med foreldreansvar, der det blir gjort vedtak om omsorgsovertaking medan barnet oppheld seg i asylmottak

Einslege mindreårige er ei fellesnemning på alle barn og unge under 18 år som kjem til landet utan foreldre eller andre vaksne med foreldreansvar i Noreg. Dette inkluderer også einslege mindreårige med følgeperson (einslege mindreårige som kjem til landet i følge med vaksne som ikkje er foreldra deira).

Personar i målgruppene som er nemnde over, og som er gifte eller har eller skal ha barn, blir rekna som einslege mindreårige.

## 2. Vilkår for å få tilskot

Kommunar som buset personar i målgruppa for særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige, vil motta tilskot i samsvar med satsar i punkt 3.

For å få utbetalt særskilt tilskot må kommunen gjennomføre aktivitetar/tiltak som har som formål å medverke til å nå mål for ordninga.

Særskilt tilskot blir utbetalt uavhengig av kva behov den enkelte einslege mindreårige måtte ha for oppfølging, tiltak og tilrettelegging i kommunen.

### 2.1 Tilskot for ulike kategoriar einslege mindreårige

#### 2.1.1 Einslege mindreårige flyktningar

Einslege mindreårige flyktningar utløyser tilskotet først etter at dei er busette i ein kommune. Særskilt tilskot blir utbetalt i tillegg til det ordinære integreringstilskotet. Vi viser til rundskriv 01/2023 for denne ordninga.

Tilskotet blir utbetalt sjølv om personen har fylt 18 år ved busetting, under føresetnad av at personen var registrert som einsleg mindreårig da han eller ho kom til landet, og **var under 18 år** da opphaldsløyvet blei innvilga. Einslege mindreårige utløyser integreringstilskot for år 1 med sats for einsleg mindreårig flyktning.

Einslege mindreårige overføringsflyktningar som fyller 18 før dei kjem til Noreg, utløyser det særskilde tilskotet.

#### 2.1.2 Utanlandske barn utan foreldre og andre føresette

Særskilt tilskot blir utbetalt ved busetting av einslege mindreårige utanlandske barn som oppheld seg i Noreg utan foreldre eller andre føresette.

Dei som er nemnde over, kan også utløyse tilskot før busetting dersom dei ikkje er i målgruppa for tilskot til vertskommunar. Kommunen må søke årleg om det særskilde tilskotet så lenge utanlandske barn utan foreldre eller andre føresette oppheld seg i kommunen og forholda som dannar grunnlag for å utløyse tilskotet, framleis er til stades.

#### 2.1.3 Omsorgsovertaking av barn i asylmottak

Ved omsorgsovertaking av barn i asylmottak som oppheld seg i Noreg saman med foreldre eller andre med foreldreansvar, vil barnet utløyse særskilt tilskot etter busetting i ein kommune.

Kommunane må søke årleg om det særskilde tilskotet så lenge barnet oppheld seg i kommunen og forholda som dannar grunnlag for å utløyse tilskotet, framleis er til stades. Kommunen er forplikta

til å kontakte IMDi ved endringar som medfører at tilskotet skal stoppast eller ytast til ein annan kommune.

### 3. Dette får kommunen i tilskot

Alle kommunar som buset einslege mindreårige, får tilskot etter same satsstruktur og nivå.

Stortinget har fastsett desse satsane for 2023: 1 144 400 kroner for yngre barn til og med det året barnet fyller 16 år, og 721 800 kroner frå og med det året barnet fyller 17 år.

Tilskotet blir utbetalt til og med det året personen fyller 20 år.

#### 3.1 Særskilt tilskot i busettingsåret (år 1)

Tilskotet blir berekna frå og med den månaden den einslege mindreårige blir busett. Fordelinga av satsane etter busettingsmånad er: Satsen er oppdatert etter RNB 2023 og gjelder for hele 2023

| Månad     | Høg sats         | Låg sats       |
|-----------|------------------|----------------|
| Januar    | 1 144 400 kroner | 721 800 kroner |
| Februar   | 1 049 033 kroner | 661 650 kroner |
| Mars      | 953 667 kroner   | 601 500 kroner |
| April     | 858 300 kroner   | 541 350 kroner |
| Mai       | 762 933 kroner   | 481 200 kroner |
| Juni      | 667 567 kroner   | 421 050 kroner |
| Juli      | 572 200 kroner   | 360 900 kroner |
| August    | 476 833 kroner   | 240 600 kroner |
| September | 391 467 kroner   | 240 600 kroner |
| Oktober   | 286 100 kroner   | 180 450 kroner |
| November  | 190 733 kroner   | 120 300 kroner |
| Desember  | 95 367 kroner    | 60 150 kroner  |

#### 3.2 Særskilt tilskot i åra etter

Særskilt tilskot for einslege mindreårige som blei busette i åra før 2023, blir utbetalt i fire terminar per år. Forvaltninga av tilskotsordninga er i løpet av 2021 blitt digitalisert. Alle kommunar finn oppdaterte utbetalingsgrunnlag i portalen IMDi Tilskot (sjå nettsidene til IMDi for tilgang og pålogging).

Tilskotet for 2023 blir utbetalt i fire terminar. Ein fjerdedel av tilskotet for personane som er busette i kommunen, blir utbetalt medio april, medio august, medio oktober og medio desember.

Tilskotssatsane er 1 144 400 kroner for yngre barn til og med det året barnet fyller 16 år, og 721 800 kroner frå og med det året barnet fyller 17 år.

Tilskotet blir utbetalt på grunnlag av registrert dato for busetting i IMDinett (grunnlag frå Datasystem for utlendings- og flyktningssaker (DUF)) og registrert adresse i folkeregisteret (DSF). IMDinett/DUF viser kven som er registrert busett det enkelte året, medan DSF gir ei oversikt over kvar desse personane er registrerte som busette. Ein viktig føresetnad for at særskilt tilskot for einslege mindreårige skal bli utbetalt til riktig kommune, er at personen har meldt flytting til

folkeregisteret (via skattekontoret). Kommunen personen er registrert busett i, vil få utbetalt særskilt tilskot for einslege mindreårige. Nytt frå 2022 er at IMDi vil utbetale tilskotet til kommunen som personen ifølge folkeregisteret er registrert busett i, jf. punkt 3.2.2.

DSF bruker både flyttedato og registreringsdato. Det kan derfor hende at ein person har flytta i 2022, men at flyttinga først blir registrert i 2023. I slike tilfelle vil tilskotsutbetalinga bli korrigert ved neste terminutbetaling.

Dersom ein person har flytta til ein annan kommune, er hovudregelen at det ikkje er nødvendig å melde frå om dette. Dersom kommunen blir merksam på at ein person som har registrert flyttedato i DSF, ikkje får korrigert tilskotsutbetalinga, ber vi om at kommunen informerer IMDi via endringsførespurnad i IMDi Tilskot.

Dersom busettingskommunen gjer vedtak etter barnevernlova om plassering i eit omsorgstiltak i ein annan kommune, gjeld regelen i pkt. 3.2.1 for utbetaling av særskilt tilskot frå og med året etter busetting.

### 3.2.1 Særskilt tilskot til ein annan kommune enn bustadkommunen/opphaldskommunen

Barneverntenesta kan i nokre tilfelle gjere vedtak om plassering i barnevernsinstitusjon eller fosterheim etter barnevernlova i ein annan kommune enn den barnet blei busett i. Dersom ein annan kommune enn bustadkommunen har omsorga og utgiftene knytte til omsorgstiltaket, vil kommunen som har omsorgsansvaret, ha krav på å få heile tilskotet. Dette gjeld også integreringstilskotet. I slike situasjonar må

- ✓ busettingskommunen informere IMDi om kva kommune som har kostnadene, og den automatiske utbetalinga av tilskota til bustadkommunen stoppast
- ✓ kommunane det gjeld, inngå ein skriftleg avtale om kva kommune som har kostnadene og skal motta tilskotet
- ✓ kommunen som har kostnadene, kvart år søke IMDi om tilskotet innan utgangen av februar månad, med ein kopi av avtalen mellom kommunane lagd ved

Dersom tilskota er utbetalte til bustadkommunen, kan kommunen som har omsorga og kostnadene, krevje å få heile tilskotet overført frå bustadkommunen.

Kommunen kan sende inn avtalen via endringsmelding i IMDi Tilskot eller via digital post til IMDi.

### 3.2.2 Deling av tilskot mellom kommunar ved flytting

Dersom ein person som er i målgruppa for tilskotet, flyttar mellom kommunar i tilskotsåret, må personen melde frå om flytting til folkeregisteret for at adressa skal oppdaterast i DSF. Personar har plikt til å melde frå om adresseendringa innan åtte dagar etter flytting, jf. folkeregisterlova § 6-1.

Ved flytting blir tilskotet utbetalt til fråflyttingskommunen ut inneverande og påfølgande månad. Deretter mottar tilflyttingskommunen tilskotet. Det er registreringsdatoen i folkeregisteret som legg føringar for berekning av tilskotsdelinga (inneverande månad). Fordelinga gjeld alle tilskot.

### 3.2.3 Tvist om deling av tilskot ved flytting

Tilflyttingskommunen har i perioden det blir utbetalt integreringstilskot, berre ansvar for å yte sosiale tenester til den som flyttar dit, dersom flyttinga er eksplisitt avtalt med fråflyttingskommunen/busettingskommunen (eller det er openbert urimeleg å avslå søknaden), jf. *lov om sosiale tenester*.

Dersom flyttinga ikkje er avtalt, kan Nav-kontoret i tilflyttingskommunen avslå søknaden om tenester med tilvising til ansvaret til busettingskommunen, med mindre det er openbert urimeleg. Det kan for eksempel vere openbert urimeleg å vise til busettingskommunen dersom vedkommande har nær familie i tilflyttingskommunen eller er offer for tvangsekteskap. Det same gjeld dersom personen er sjølvforsørgande i tilflyttingskommunen, men søker økonomisk stønad i ein nødsituasjon, eller dersom vedkommande treng hjelp etter å ha vore sjølvforsaørgd i noko tid.

Oppstår det tvist om deling av tilskot mellom kommunar, avgjer IMDi tvisten. Dersom fråflyttingskommunen og tilflyttingskommunen er ueinige om kva kommune som er ansvarleg for introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter integreringslova og for økonomisk sosialhjelp etter *lov om sosiale tenester*, er det Statsforvaltaren som avgjer dette. IMDi vil legge denne avgjerda til grunn for deling av tilskota.

### 3.2.4 Tilskot ved dødsfall, tilbakevending til opphavslandet eller reise ut av landet av andre årsaker

Kommunen skal melde frå til IMDi (endringsmelding i IMDi Tilskot) dersom dei får kjennskap til at personar som utløyser særskilt tilskot, er døde eller har forlate landet, slik at IMDi kan stoppe den automatiske utbetalinga av tilskotet. Tilskotet blir utbetalt til busettingskommunen i tre – 3 – påfølgande månader.

### 3.2.5 Tilskot når mor/far kjem til landet

Dersom dei føresette til barnet kjem til Noreg, blir tilskotet utbetalt i tre – 3 – påfølgande månader etter at mor og/eller far blir busette saman med barnet. Kommunane som mottar særskilt tilskot, har plikt til å melde frå når mor og/eller far har blitt busette saman med barnet, slik at IMDi kan stoppe den automatiske utbetalinga av særskilt tilskot.

## 4. Slik får kommunen tilskot

Forvaltninga av tilskotsordninga er i 2021 digitalisert. Kommunane treng ikkje å søke om tilskot for personar i målgruppa for tilskot som er busette etter 01.01.2021, da dette skjer automatisk.

For utbetaling av tilskot for barn før busetting omtalt i punkt 2.1.2 og 2.1.3 må kommunen søke kvart år. Søknaden må fremmast via digital post.

For personar det ikkje tidlegare er utbetalt tilskot for, og som er busette i 2020 eller tidlegare, er det framleis behov for at kommunen søker om tilskot.

Personar som er busette etter avtale mellom kommunen og IMDi etter 01.01.2021, vil komme fram i IMDi Tilskot når busettinga har funne stad og personen er registrert i folkeregisteret (DSF) med korrekt busettingskommune.

### 4.1 Særskilt tilskot år 1 og etterfølgande år

Kommunane får tilgang til oppdatert oversikt over personar som er registrerte som busette og folkeregistrerte i den enkelte kommunen, ved dei fire terminutbetalingane for integreringstilskot og særskilt tilskot for einslege mindreårige i IMDi Tilskot.

Integreringstilskot år 1–5, barnehagetilskot, eldretilskot og særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige kjem fram i same utbetalingsgrunnlag (i IMDi Tilskot) saman med ekstratilskot.

For busette i 2023 blir heile tilskotet for busettingsåret utbetalt ved første termin etter busettinga, dvs. integreringstilskot år 1, barnehagetilskot, eldretilskot og særskilt tilskot år 1 og integreringstilskot år 2–5, medan særskilt tilskot for einslege mindreårige (påfølgande år) blir utbetalt som ei fjerdedel av årssummen per termin.

Kommunane vil ved slutten av kvartalet (dersom det ikkje er informert om noko anna tidspunkt) få tilgang til eit utkast til utbetalingsgrunnlag. Grunnlaget gjeld for heile den gjeldande terminen uavhengig av tidspunktet grunnlaget blir presentert på. Kommunen må gå igjennom utbetalingsgrunnlaga og sende ei eventuell endringsmelding i IMDi Tilskot. Det er mogleg å sende endringsmelding for personen kommunen ønsker å informere om endring for, og for utbetalingsgrunnlaget dersom personen manglar i IMDi Tilskot. Kommunen skal også sende endringsmelding for personar som står på utbetalingsgrunnlaget, og som kommunen dermed får utbetalt tilskot for, men som kommunen meiner dei ikkje har rett til tilskot for i perioden. Det kan vere fordi dei har reist ut av landet, er døde eller er ukjende for kommunen.

Kommunen skal kontrollere utbetalingsgrunnlaget og sende inn endringsmelding så snart som mogleg. Endringsmeldingar vil bli behandla fortløpande. På ein seinare fastsett dato vil sjølve utbetalinga bli utført, uavhengig av om alle endringsmeldingane er korrigerede / svart på. Korrigerende etter utbetalingsdatoen vil bli effektuert og komme fram på neste termin.

Ved søknad om tilskot for personar busette før 01.01.2021 er rundskriv og søknadsskjema tilgjengelege på [www.imdi.no](http://www.imdi.no)

## 5. Utbetaling av tilskot til kommunen

Utbetaling av tilskotet skal skje i samsvar med IMDis interninstruks for økonomiforvaltning, og fortrinnsvis etter utgangen av årets fire kvartal.

Særskilt tilskot år 1 er differensiert og blir utbetalt til kommunen i samsvar med busettingsdatoen. Særskilt tilskot er ikkje differensiert frå og med år 2 og skal som hovudregel utbetalast i fire terminar. Utbetalingstidspunkta er ultimo april, medio juni, medio oktober og medio desember.

## 6. Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap og rapport for bruk av særskilt tilskot.

Kartlegging av utgiftene kommunane har til busetting og integrering av einslege mindreårige flyktningar, blir gjennomført årleg av eit berekningsutval der både staten og kommunesektoren er representerte.

IMDi og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnaden, jf. § 10 andre ledd i *Bevilgningsreglementet* og § 12 tredje ledd i riksrevisjonslova.

## 7. Foreldingsfrist

Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå den dagen fordringshavaren tidlegast har rett til å krevje å få oppfylling, eller – for utbetaling av integreringstilskot – frå det tidspunktet kommunen tidlegast har rett til å krevje tilskotet utbetalt, jf. foreldingslova §§ 2 og 3.

## **8. Klagereglar**

Tildeling av tilskot og krav om tilbakebetaling av særskilt tilskot er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova (fvl.) § 2 første ledd bokstav b. Kommunane har derfor ikkje klagerett på verken tildeling av tilskot eller krav om tilbakebetaling av tilskot, jf. fvl. §§ 3 første ledd og 28. Utover det gjeld saksbehandlingsreglane i forvaltningslova.